

KRITIKK AV KRITIKKEN

Objektivitet som ideal kan ikkje avvistast, sanninga er ikkje relativ, og det finst berre éi fortid.

Nyarkeologane hadde den logiske positivismen som teoretisk grunnvoll og trudde at objektivitet var oppnåeleg og at ein kunne finne fram til ei absolutt Sanning om fortida, viss ein berre var flink nok (t.d. Lewis Binford 1972).

I dag er det få som trur på slikt, og i alle fall ikkje

DEN KRITISKE ARKEOLOGIEN:

Michael Shanks og Christopher Tilley meiner at all menneskeleg aktivitet er gjennomsyra av ideologi, og derfor er det bortkasta å prøve å vera objektiv. For å klare det, må «The subject observer ... deny self». Dét er umogleg, og å klare det «would prevent any research at all: no values amounts to no meanings and without meanings no investigation» (1987:65–66). Å vera 100% objektiv, inneber altså å vera heilt «tom», nærmast som ein datamaskin utan program.

«Truth is a practical matter not an absolute», hevdar dei vidare (1987:67). Sanninga er avhengig av samanhengen («the context») – samfunnet og situasjonen, og den «sanne, monolittiske fortida» (som nyar-

AV
ELDAR HEIDE

keologane søker etter) eksisterer ikkje. Ho varierer «in accordance with ethnic, cultural, social and political views, orientations and beliefs» (1987:245, jfr. Olsen 1987:14–15).

«Vår oppfattelse av fortida (er) alltid ... politisk» skriv Olsen (1987:87), slik at arkeologien er «en sosiopolitisk praksis i samtida» (1987:17, jfr. Hodder 1985:18). Da hjelper det ikkje å vera klar over at objektivitet er uoppnåeleg. Dét er berre positivism i ny innpakking, med kritisk sjølvmedvett som den nye metoden til å finne «den uforstyrrede sannhet om fortida» (1987:17). «Å i staden skal kritisk sjølvmedvett brukast til «å avsløre hvilke interesser vår forskning tjener, og så bestemme oss for hvilke interesser vi ønsker å tjene» (Olsen 1987:87, jfr. Shanks/Tilley 1987:67). Vi skal altså ikkje berre innsjå at objektivitet er uoppnåeleg, vi skal jamvel gå inn for å vera subjektive (Kva interesser vi ønskjer å tjene «utgår fra en rent personlig oppfatning», og slik er subjektivitet definert i framandordbøkene (sjå nedanfor)).

Er denne tankebygningen meir vassstett enn dei som blir kritiserte?

ERASMUS MONTANUS-LOGIKK

Eg er samd i at objektivitet er uoppnåeleg.

Men så spørst det: Inneber denne erkjenninga at vi skal oppgi objektivitet som ideal, som eit mål å streve mot?

Inneber det til og med at vi skal gå inn for å vera subjektive, slik Bjørnar Olsen går inn for?

Nei. Slik argumentasjon er som å seia: «Kan du ikkje bli olympisk meister i langrenn, så skal du aldri reise deg frå sofaen».

Argumentasjonen er like logisk som «beviset» for at Mor Nille er ein stein. At eit mål er uoppnåeleg medfører ikkje logisk at ein skal oppgi det. At ein ikkje kan nå 100% medfører ikkje at ein skal sikte mot 0%.


Tvert om er det mange ideelle mål som er uoppnåeleg. T.d. vil vi aldri bli kvitt all undertrykking og urett i verda, men like fullt må vi streve mot det målet.

På same vis må vi streve mot det uoppnåeleg målet objektivitet. Det er ikkje bortkasta. Ei nybakt mor er mindre objektiv når ho snakkar om ungen sin enn andre er når dei snakkar om den same ungen. Altså går det an å vera meir eller mindre objektiv, det finst ein skala, om ein ikkje kan nå 100%.

«Subjektiv» er det «som bare er til for subjektet, som avhenger helt av vesenet el. personen som oppfatter, som utgår fra en rent personlig oppfatning; personlig, ensidig, partisk» («Fremmedordbok», Kunnskapsforlaget).

Når ein seriøs forskar freistar å unngå eit slikt utgangspunkt, da freistar han å vera objektiv, for «objektiv» er definert som det motsette av «subjektiv». Om ein går med på at mange har klart dette betre enn t.d. Kossina, da har ein gått med på at det finst ein skala av meir eller

Tegning: Erik Falk





Funnet av en solskjerm fra steinalderen var meget omstridt

Tegning: Erik Falk

mindre objektivitet – og at det er mogeteg å streve seg nærare objektivitetsenden av skalaen.

Shanks og Tilley hevdar at 100% objektivitet ville stoppe forskinga (ingen verdier = ingen menningar, og utan menningar inga forskning). Det er nok sant. Men kva så? Så lenge det er uopnåeleg er det vel ingen fare?

Eit tilsvarende teoretisk men ikkje praktisk dilemma har sosialantropologien. Der prøver ein å forstå samfunnet slik det blir opplevd av samfunnsmedlemmene sjølve («emisk»). Det har ikkje forskaren sjangs til, men dersom han skulle klare det, så er han «gone bush». For like viktig som «innsideforståing» er analytisk avstand.

At det er skadeleg å nå eit mål medfører ikkje logisk at ein skal slutte å prøve, så sant det er sikkert at

ein aldri kan nå målet. Om toppunktet på ein skala er skadeleg, så kan botnpunktet vera verre, og det minst skadelege kan vera ovanfor midten.

KVA UTAN OBJEKTIVITETSIDEALET?

Ingen kan drive politisk nøytral arkeologi, meiner Bjørnar Olsen. Derfor skal vi gjennom arkeologien medveti fremja det politiske synet vi ønskjer (1987:86–87).

Likevel skriv Olsen (1987:88) at «enhver politisk bruk av arkeologien» ikkje kan akseptast» (!) Nei vel. Men kven skal avgjera kva som kan akseptast, når ein avviser at det finst middel til å skilje mellom sant og usant, og ein jamvel proklamerer at «sannhet er kontekstavhengig»? (Olsen 1987:15)

Ut i frå eit slikt teoretisk «fundament» vil ein få store problem med å argumentere mot t.d. nazismen. Nettopp av den grunn fremja Hitler den læra at «vitenskapelig objektivitet og vurderingsfrihet er en illusjon» (Ofstad 1991: 72).

Om ein forkastar objektivitetsidealet, så må ein gjera det på alle samfunnsområde. I så fall riv ein grunnunna rettsstaten. Det er objektivitetsidealet som gjer at ein i det norske rettsvesenet prøver å dømme ein sympatisk forbrytar like strengt som ein ingen liker.

Når ein ser kor det ber om ein forkastar objektivitetsidealet i arkeologien, bør ein, i samsvar med resten av den kritiske læra, spørja kven sine interessar slik forskning tener, og forkaste læra fordi ein heller vil tene andre interessar.

SANNING

Å på denne måten forkaste det ein meiner er sant, dersom sanninga

tener galne interessar, burde vera ei grei sak viss det er så enkelt som at «truth is a practical matter not an absolute» (Shanks/Tilley 1987:67). Eins eige postulat hindrar ein i å protestere.

Dette postulatet blir ikkje servert som ei «relativ sanning», men rett og slett som ei Sanning. Ei anna Sanning dei serverer, er at det ikkje finst éi, men fleire fortider (Shanks/Tilley 1987:245, Olsen 1987:15, 87).

Vidare hevdar dei at arkeologien ikkje «provides a weak and in some way inferior kind of knowledge» (1987:243). Da må dei vel meine at arkeologien kan gi oss viten som ikkje er «weak» og ikkje «inferior»? I så fall har vel Sanninga, her òg, sniki seg inn på eit eller anna plan.

Etter mi meining kan ein ikkje klare seg utan eit omgrep «sanning»: «Som samsvarer med det røynelege, som ikkje lyg, 'korrekt, rett» (Nynorskordboka) (ei anna sak er om ein kan nå fram til sanninga). Shanks og Tilley klarer seg heller ikkje utan. Når dei har definert «truth» som relativ, bruker dei i staten uttrykket: «realistic view (of the past)» (1987:67), men det er jo nettopp det som «samsvarer med det røynelege», dvs. «sann».

Sjølvsagt prøver «dei kritiske» å servere oss Sanninga. Sjølvotseiingane som oppstår når ein opererer med «relativ sanning», syner at ideen er feil.

Kan det vera

«FLEIRE FORTIDER»?

Nei. I Nynorskordboka er «fortid» definert slik: «tidsrom som er gått forbi, tidlegare tid, eldre tid», jfr «notid»: «Tid ein er i no, samtid».

Denne tydinga av ordet har

1000-årig hevd, og det er slik folk flest forstår det. Som vi ser, ligg det inga avgrensing (til personavhengige opplevingar) eller oppkløyving (i «for meg» – «for deg») i omgrepet «fortid».

Omgrepet «fortid» inneheld alle tidspunkt som er tilbakelagde, det omfattar alt som var til og blei opplevd (av alle) på kvart tidspunkt. Da er det meningslaust å snakke om «fleire alt». Alt er alt.

Den einaste eg har sett prøve å underbygge påstanden at det er fleire fortider, er Mats Burström (1989), som illustrerer saka med eit bilde på fortida: Ein drake sett frå fire ulike sider av fire personar. Dei fire ser sjølvsagt ulike ting, og dermed meiner Burström å ha vist at det finst fleire fortider. Det Å%eksemplet viser, er eigentleg det stikk motsette: Den eine draken er ikkje blitt fire fordi om han blir sett frå fire sider.

Men det er klart draken er mange-sidig, akkurat som fortida er det. Verda og livet fortonte seg ulikt for konge og træl, for jeger og urokse. Dette er det sjølvsagt viktig å vera merksam 'på.

Visst er dette ei skinusemje – om det finst fleire fortider eller den eine fortida er fleirsidig kan vel komma ut på eitt? Nettopp! Kva er da poenget med å misbruke ord, stikk i strid med språkkjensle og sedvane, når det ikkje er noko å vinne på det? Og kva er poenget med å lansere dette misbruket som ei vitskapsteoretisk nyvinning?

SLUTTKOMMENTAR

«Intellektualisme» er kult, javisst. Sidræva, gammalt folkeveit er klart keisamare. Men det kan kanskje ha verdi, likevel?

Nicolay

- LITTERATUR:
Binford, L. 1972. Archaeological Perspectives. I «An Archaeological Perspective». Seminar Press, New York
Burström, M. 1989. Arkeologisk perspektivmedvetande, Stockholm
Archaeological Reports nr 23. Fremmedordbok. 1986, Kunnskapsforlaget, Oslo.
Hodder, I. 1985. Postprocessual Archaeology, i Advances in Archaeological method and Theory. bind 8 Nynorskordboka, 1986, Det norske samlaget, Oslo.
Ofstad, H. 1991 (1971). Vår forakt for saktet. En analyse av nazismens normer og vurderinger. Pax forlag, Oslo.
Olsen, B. 1987. Arkeologi. Tekst. Samfunn. Fragmenter til en postprosessuell arkeologi. Universitetet i Tromsø.
Shanks, M. og Tilley, C. 1987. Re-Constructing Archaeology. Theory and Practice. Cambridge University Press.


Vi fraviker for en gangs skyld tradisjonen med å vise bilder fra gamle utgravninger på baksiden. Bildet viser den nye vikingtidsutstillingen på Historisk museum under montering.



Foto: Kjetil Skjold

Nicolay
64 A/1/94

Nicolay



ARKEOLOGISK
TIDSSKRIFT

Nr. 64A/1/94 • Lossalg kr 35

INN H O L D

Oppsiktsvekkende
funn i Oppegård
Ole Rojahn **4**

Kultiske Landskap
Om to landskap på
Romerike
Lil Gustavson **12**

Ny utstilling
Jostein Bergstøl **18**

Camera Archæologia –
arkeologisk brønn-
pissing, poetisk
rallarliv – eller?
Grete Lillehammer **32**

Roseberry Topping
Ellen Høigård Hofseth **35**

En tredje vei for
Arkeologien
Frans-Arne Stylegar **38**

FORKLARING PÅ FORVIRRING MED NUMRE

Redaksjonen har fått endel henvendelser på grunn av en feil i numreringen av forrige nummer. En oppklaring må derfor til: Det forrige nummeret skulle hett nr 63, men ble numrert 64. For å rette opp dette, og for å komme ajour med rekken igjen, kaller vi dette nummeret for 64a.

Dermed blir det neste nr. 65.

ANNONSE-
PRISER 1994
1/1 side...1000,-
1/2 side...600,-
1/4 side...400,-
Vedlegg
etter avtale

2

Nicolay
64 A/1/94

Nicolay

ARKEOLOGISK TIDSSKRIFT

Utgitt av studentene ved Universitetets
Oldsaksamling, Oslo

Redaktører: Jostein Bergstøl, Frans-Arne
Stylegar.
Redaksjon: Liv E. Hansen, Paul Johan
Undheim.

Grafisk formgivning og sats:
Ford Formgivning, Nesodden
Trykk: Sandvig A/S, Askim
Opplag: 1400
100% resirkulert papir.

Abonnement kan tegnes ved skriftlig
henvendelse til:
NICOLAY - arkeologisk tidsskrift
Universitetets Oldsaksamling
Frederiksgate 3
0164 OSLO

Postgironummer:
Danmark 0575143
Sverige 84 20 63 - 0
Norge 0806 2050250
Abonnement Nkr. 100,-


ISSN 0332 / 8937
Utgitt med støtte fra SiO

Forasideillustrasjon: Erik Falk

Copyright: Nicolay
Ettertrykk tillatt når kilden oppgis

FORFATTERINSTRUKS

Artikler mottas på skandinaviske språk eller
engelsk. Artiklene skal leveres på
diskett (Word Perfect format), og det skal
ikke være mer enn 6 maskinskrevne sider
(1 1/2 linjeavstand) inkludert illustrasjoner.
Notesystemet følger Harvardmodellen (for-
fatternavn, år, side - f.eks. Rygh 1881:1).
Avsnitt markeres med en enkel åpen linje i
manus. Korrektur leses av redaksjonen.
Artikkelen returneres ikke uten at det
foreligger skriftlig ønske om det.
Redaksjonen trykker kun artikler der det
foreligger avtale mellom forfatter og redak-
tør. Redaksjonen forbeholder seg retten til å
forkorte artikler etter avtale med forfatteren.
FRIST FOR INNSENDING AV ARTIKLER TIL
NESTE NUMMER: **15.10.94.**



NICOLAY NICOLAYSEN

(1817 - 1911) ble i 1860 ansatt som anti-
kvar av Stortinget for å «beskæftige sig med
Rigets Fortidslevninger». Vervet ble knyttet
til Forening til Norske
Fortidsminnesmærkers bevaring. Han hadde
en meget omfattende utgraving- og under-
søkelsesvirksomhet i løpet av sin karriere.
De mest kjente er hans utgraving av
Munkelivsklosteret i Bergen, Mariakirken i
Oslo og utgravingen av Gokstadskipet, men
dette er brokdelene av hans samlede arbeide.
Han deltok også aktivt i restaureringen av
Trondheims domkirke og kongehallen på
Bergenshus. Han har også ytet en betydelig
innsats for kunsthåndverkets fremme. Han
sto bl.a. bak opprettelsen av
Kunstindustrimuseet i Oslo.
Nicolaysen hadde en omfattende litterær
produksjon. Hans mest kjente verker er:
«Mindesmerker af Middelalderens Kunst i
Norge», «Norske stiftelser» (1 - 5), «Norske
Magazin» (1 - 3), «Norske Bygninger fra
Fortiden» (1 - 3), «Norske Fornlevninger»,
«Langskipet fra Gokstad» og «Kunst og
Haandværk fra Norges Fortid». Han sto også
for utgivelsen av «Aarsberetningerne fra
Foreningen til Norske
Fortidsminnesmærkers Bevaring» fram til
1899, der han redegjorde for årets utgra-
vinger og undersøkelser. H G

LEDER

NY REDAKSJON – IGJEN

Universitet har i noen år nå jobbet med
å øke gjennomstrømningen av stu-
denter på høyere nivå. Vi, som
studerer på hovedfagsnivå, merker
dette på godt og vondt. Det gode er at man blir
presentert et opplegg man skal gjennomføre på
to år, med delmål underveis. Det som ikke er så
positivt med et slikt opplegg er at det blir van-
skeligere å sette av mye tid til aktiviteter som
ligger litt på siden av det å skrive hovedfags-
oppgave, som f.eks. å lage tidsskrift. Økt gjen-
nomstømning på hovedfagsnivå vil også føre til
økt gjennomstømning i redaksjonen.

På tross av dette har vi satt oss som målsetning
å lage et engasjerende tidsskrift med aktualitet
for interesserte i arkeologi, – studenter og andre.
Vi vil derfor oppfordre leserne til å gi tilbake-
meldinger på tidsskriftet, gjerne med tips om
stoff og temaer som kan være av interesse for
flere. Vi i redaksjonen vil sende en spesiell opp-
fordring til studenter om å delta med artikler i
bladet. Det er ikke sikkert at vi kan få alt med i
neste nummer, men det kommer flere siden.

Til slutt vil vi takke den forrige redaksjonen for
god innsats.

Jostein Bergstøl

3

Nicolay
64 A/1/94